

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Vår ref.: 212346/2021 - 2021/19541  
Deres ref.: 2020/74003  
Dato: 06.04.2021

## Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyring og offentleg ettersyn av regional plan

Vi syner til brev hit dagsett 25.01.2021.

I høyringsutkastet til *Regional plan for innovasjon og næringsutvikling* har Vestland fylkeskommune (VLFK) peika på vesentlege globale, nasjonale og regionale utfordringar. Det går tydeleg fram av utkastet korleis desse er lagt til grunn for analyse av situasjonen i dag og vidare satsingar.

Klimaendringar, utfordringar knytte til berekraft etc. er klåre premisser for planen. Det same er behovet for grøn omstilling og næringsutvikling og strategiske grep for å oppnå dette.

I planutkastet vert det og sett fokus på å ta heile fylket i bruk når ein skal identifisere mål og tiltak for framtidig næringsutvikling. Det same gjeld, naturleg nok, konsekvensar og effektar av den pågåande pandemien.

Dette er og heilt sentrale premisser i planprosessane i Viken fylkeskommune. Med tanke på at situasjonen i dag påverkar menneske og miljø på alle geografiske nivå, er det positivt at fleire fylkeskommunar og andre regionale aktørar gjer desse utfordringane synlege og prioriterer regional næringspolitikk og utviklingstiltak i høve til dette.

Planutkastet inneheld gode og relevante analyser av samfunns- og økonomiske utfordringar, og relaterer desse til den regionale konteksten Vestland står overfor. Samstundes er det formulert på eit relativt overordna nivå. Noko meir konkretisering av utfordringar, alternativ og moglege prioriteringar kunne vore gjort, for å gjere tydeleg dei val ein står framføre. Vi har samstundes forståing for at VLFK og regionale samarbeidspartnarar ikkje ynskjer å leggje for sterke bindingar på vidare prioriteringar allereie no, før arbeidet med handlingsprogram for dei kommande åra er starta opp.

I planutkastet er det lagt relativt stor vekt på regionale fortrinn og ein eventuell smart spesialiseringsprosess basert på desse. Etter vår vurdering er dette eit interessant og konstruktivt spor i framtidig innsats for næringsutvikling og styrka innovasjonsarbeid. Gjennom ein slik prosess kan VLFK gjere erfaringar som vil vere nyttige for andre fylkeskommunar og andre regionale utviklingsaktørar.

### **NARING Forskning, utvikling og innovasjon**

**Postadresse:** Postboks 220, 1702 SARPSBORG  
**Besøksadresse:** Galleri Oslo Schweigaards gate 4, 0185 OSLO  
**Telefon:** 32 30 00 00

**E-post:** [post@viken.no](mailto:post@viken.no)  
**Internett:** [www.viken.no](http://www.viken.no)  
**Org.nr.:** 921693230

Det er og positivt at VLFK legg vekt på å utvikle eit system med indikatorar m.m. for å etterprøve resultat og effektar av gjennomføringa av planen. Dette er eit område som ofte ikkje får tilstrekkeleg merksemd i planprosessar og i oppfølging av regionale planar.

I planutkastet vert det lagt stor vekt på samarbeid langs fleire dimensjonar. Viken fylkeskommune vil i samband med dette understreke behovet for, og verdien av, ein vidare dialog og samhandling på område der dei to fylkeskommunane har gjensidige ansvar og interesser, så vel geografisk som tematisk. Det er ei rekkje viktige tangeringspunkt mellom Vestland og Viken fylker i så måte. Mange av desse har og mykje å seie for nærings- og samfunnsutvikling på tvers av regionar og fylkesgrenser.

Eksempel på dette er spørsmål knytte til transport og kommunikasjon, natur- og viltforvaltning, og ulike tema rundt dette.

Potensial for næringsutvikling knytt til dette, til dømes innanfor reiselivs- og opplevingsnæring, kan etter vår meining verte utvikla gjennom samarbeid og koordinert handling. Eit døme på dette er naudsynet av at berekraft og grøn dimensjon står sentralt i vidare satsingar. Dette gjeld ikkje minst for fjellområda i så vel Vestland som Viken.

Dette er tema som vi og vil kome inn på i den pågåande planprosessen i Viken, der regional plan for kompetanse og verdiskaping blir ein av tre regionale planar Viken skal utarbeide dei kommande to åra.

Vi ser fram til dialog mellom fylkeskommunane i samband med planprosess og oppfølging/ iverksetjing av dei respektive regionale planane på område der dei to fylka har felles interesser.

Vennlig hilsen

Øyvind Michelsen  
Avdelingslederfylkesdirektør

Åge Sund  
seniorrådgiver